

På livets vei

Pilegrimsmotivet – et nasjonalt utviklingsprosjekt

Den norske pilegrimsbevegelsen er en grasrotbevegelse. Mange er de frivillige ildsjeler som har båret fram pilegrimsarbeidet de siste årene gjennom vedlikehold, skjøtsel og drift av ledene, samt gjestfrihet og ivaretagelse av vandrere. Når nå det offentlige går inn og støtter den norske pilegrimsbevegelsen er det helt avgjørende at man tar vare på det unike engasjementet hos ildsjelene i pilegrimslivet. Den norske pilegrimsmodellen må bygges nedenfra, fra grasrota. Da kan vi lykkes – sammen

(Per Kvistad Uddu 31.12.08)

Det gjekk ikkje så.

Me fekk eit Nasjonalt pilegrimssenter med ein egen pilegrimsdirektør skulle styre og leie all pilegrimsvandring i Norge, og ikkje berre den til Trondheim. Det gjekk ikkje så, alle dei vegane som ikkje har direkte tilknytning til vegane mot Trondheim er skuva ut og må greie seg sjølv. Kven er så ansvarleg for at dette har skjedd, for dette er det ikkje grunnlag for å gjera ut frå at me snakkar om ein nasjonal satsning. Ligg grunnen i samansetninga av styret? Då det statlige pilegrimsvesenet vart skipa vart det oppnevnt eit styre med 21 representantar frå kommunane (langs vegane til Trondheim), fylka (langs vegane til Trondheim), næringslivet (langs vegane til Trondheim) og i tillegg 5 representantar frå kvar av dei 5 departementa som var med i pilegrimssatsingen. I tillegg til Nidaros Pilegrimsgård er det etablert 6 pilegrimssenter mellom Oslo og Stiklestad. Det er med undring ein registrerar at det ikkje har vore vilje til å bygge eit senter i Røldal, teikningane og planane ligg der, men økonomien manglar. Den statlege pilegrimsstyringa var frå fyrste stund utruleg byråkratisk. Og i styret fann ein ikkje plass til ein einaste representant for dei som dert gjeld, altså pilegrimane og frå dei andre lokale laga.

Det er ikkje mykje att av det nasjonale utviklingsprosjektet

Det store spørsmålet er, korleis kan dette skje, eg har vanskeleg for å tru at sentrale personar i dei bispekontora det gjeld og politikarane frå dei aktuelle fylka ville ha godteke dette dersom dei hadde fått saka på bordet.

Eg mistenker her at nokon hatt ein eigen agenda, her har det truleg vore slik som Einar Gerdhardsen sa: "noen har snakket sammen"

Det er ikke berre Røldalsvegen som eg representerar og som det statlege direktoratet ikkje aksepterar, Valdresvegen har lege langt inne, og både Østfold- og Vestfoldvegane har dei heller ikkje kunna akseptere. Og kva med Selja?

Pilegrimsdirektoratet har heile tida hatt vanskelegghetar med å forholde seg til oss på "grasrota", dvs alle dei aktive og entusiastiske pilegrimane rundt omkring som prøvar å halde oppe desse vegane, det gjeld i alle fall alle dei vegane som ikkje skal til Nidaros. Dette oppropet er sendt ut til alle dei eg har e-postadresser til, for å gjera det kjendt, korleis pilegrimsarbeidet vert organisera.

Faktum er at det har vore pilegrimsvandring til Røldal kyrkje heilt fram til 1850 åra altså 300 år etter reformasjonen då det vart slutt på vandringa til Nidaros.

Dette ligg ute på www.nasjonaltpilegrimssenter.no

”STRATEGI FOR PILEGRIMSSATSING

Etter at saken har vært drøftet i Regjeringskonferanse, har Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet, Kulturdepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Miljøverndepartementet og Nærings- og handelsdepartementet fastsatt denne felles statlige strategien for pilegrimssatsing.

Oslo, november 2012

LOKAL FORANKRING,

BRED FAGLIG TILNÆRMING OG BEDRE SAMORDNET INNSATS

Lokal forankring av pilegrimssatsingen vil bidra til identitet, stolthet og ivaretagelse som gir lokalt eierskap til leden og de samfunnsmessige verdiene som den representerer. Det skal stimuleres til lokale og private initiativ, og til et samspill mellom myndigheter, menigheter, skoler, frivillige lag og organisasjoner, lokale og regionale kulturinstitusjoner, næringsliv og grunneiere.”

Dette burde gjelde heile landet, og ikkje berre Pilegrimsleden til Trondheim

Det er å vone at nokon av dykk som får dette oppropet, tek tak i problemet og prøvar å påvirke til at alle pilegrimsvegane i landet vert likestilte, og at også dei får del i dei statlege midlane på lik linje med pilegrimsvegane til Trondheim.

Med pilegrimshelsing

Pilegrimsvegen til Røldal

Ragnvald Christenson, leiar